



# Årsrapport for 2022

Tematisk forskingsatsing for psykisk helse og rus (PHR)

## **Christian Moltu, Ph.D**

Forskningsgruppeleiar – Forskningsgruppe for psykisk helse og rus,  
Helse Førde og Høgskulen på Vestlandet.

Fagsjef, Psykiatrisk klinikk, Helse Førde

Professor II – Fakultet for helse- og sosialvitskap, Høgskulen på Vestlandet.



## Leiar sin kommentar

Dette er den siste årsrapporten frå PHR, som frå 2023 saman med FLO dannar ei ny forskinggruppe: Forskingsgruppe for persontilpassa helsetenester (PERSONFORSK).

Frå starten i 2015 har PHR hatt som målsetnad å bygge opp eit sterkt og aktivt forskingsmiljø med fokus på psykiske helseprosessar. Vi opplever å ha lukkast med dette. Talet på medarbeidarar som har gjennomført PhD-løp, som er i stand med PhD eller post.doc-løp, eller som er knytt til gruppa sine pågåande prosjekt er høgt. Denne gjennomføringa vart også evaluert av ein ekstern komité som returnerte svært gode tilbakemeldingar i 2022.

PHR har gjennom dei siste åra utvikla eit stadig sterkare samarbeid med forskingsgruppa for folkehelse, livsstil og overvekt. Sidan vi i samarbeid fekk tilslag på eit større forskingsrådsfinansiert prosjekt i 2017 som går inn i sitt siste år i 2023, har stadig fleire eksternfinansierte prosjekt sprunge ut av samarbeidet. I 2022 fekk vi tilslag på ei strategisk satsing for små føretak frå Helse Vest som fortset denne tråden: dei innovative forskingsideane og –prosjekta finnast i skjæringspunktet mellom psyke og soma, mellom pasientdata og samhandlingsrelasjonen, og mellom kvalitative og kvantitative forskingsmetodar. Det synest difor som ein logisk konsekvens, både av erfaringa med samarbeid, og med innsikter frå den eksterne evalueringsrapporten, å legge ned dei to gruppene PHR og FLO og no byrje på neste fase i prosessen. Årsrapportane til PHR og FLO for 2022 vil også bere noko preg av at dette året er eit mellomår etter den eksterne evalueringa der vi har starta den nye innrettinga: Stadig fleire prosjekt, medarbeidarar og publikasjonar er felles mellom gruppene og viser att i begge rapportar.

Eg ser fram til å arbeide saman med alle medarbeidarane i gruppa om å realisere måla til PERSONFORSK.

Vedlagt er rapport for 2022 med fokus på vitskapleg publisering, PhD-kandidatar, prosjekt, søknadar og bruk av midlane i den strategiske forskingsatsinga.

Christian Moltu

## Innhald

Leiar sin kommentar .....	2
Fagfelleverderte publikasjonar .....	4
Medlemmer i PHR 2022 .....	5
Pågåande doktorgradsprosjekt og postdoktorstipend .....	5
Nye prosjekt .....	7
Søknadar og forskingsmidlar .....	8

## Fagfellevurderte publikasjonar

Det blei publisert 12 fagfellevurderte artiklar i 2022. Forfattarar med adresse HFD og HVL Campus Førde er markert med utheva. Nokre av artiklane har forfattarar frå både FLO og PHR, og er omtalt i begge rapportane.

1. **Moltu, C, Kverme, B., Veseth, M., & Natvik, E.** (2022) How people diagnosed with borderline personality disorder experience relationships to oneself and to others. A qualitative in-depth study. *International Journal of Qualitative Studies on Health and Well-being*, <https://doi.org/10.1080/17482631.2022.2152220>
2. **Navik, E., Lavik, K., Ogden, J., Strømmen, M., & Moltu, C.** (2022). The Patient-Practitioner Relationship in Post Bariatric Surgery Consultations - An Interpersonal Process Recall Study. *Disability and Rehabilitation*. DOI: 10.1080/09638288.2022.2152876
3. **Moltu, C., Kverme, B., Veseth, M., & Natvik, E.** (2022). Living life when diagnosed with borderline personality disorder. A qualitative in-depth study. *International Journal of Qualitative Studies on Health and Well-Being*. DOI: 10.1080/17482631.2022.2152220
4. **Kleiven, G.S., Hjeltnes, A., Natvik, E., & Moltu, C.** (2022). Finding courage to engage with inner experiences in psychotherapy: A study of helpful therapist acts. *Psychotherapy Research*.
5. **Lavik, K.O., McAleavey, A., Kvendseth, E.K. & Moltu, C.** (2022). Relationship and alliance formation processes in psychotherapy: A dual-perspective qualitative study. *Frontiers in Psychology*
6. Råheim, M., **Moltu, C. & Natvik, E.** (2022). Living the dream, but not without hardship: Stories about self-directed weight transformation after severe obesity. *Psychology & Health*,
7. **Vigdal, M., Moltu, C., Bjørnstad, J., & Selseng, L.B.** (2022). Social recovery in substance use disorder: a metasyntesis of qualitative studies. *Drug and alcohol review*. DOI: 10.1111/dar.13434
8. **Søvde, B. E., Sandvoll, A. M., Natvik, E., & Drageset, J.** (2022). Carrying on life at home or moving to a nursing home: frail older people's experiences of at-homeness. *International Journal of Qualitative Studies on Health and Well-being*, 17(1), 2082125.
9. **Hegland, P. A., McAleavey, A., Aasprang, A., Moltu, C., Kolotkin, R. L., & Andersen, J. R.** (2022). The Norse Feedback in a population of patients undergoing bariatric surgery—Psychometric properties of a digital computer-adaptive questionnaire assessing mental health. *Clinical Obesity*, 12(1), e12491.
10. **McAleavey, A. A.** (2022). One in five, not one in 17, youth patients deteriorate during psychotherapy for depression. *European Child & Adolescent Psychiatry*, 1-4.
11. **Søvde, B. E., Sandvoll, A. M., Natvik, E., & Drageset, J.** (2022). In the borderland of the body: How home-dwelling older people experience frailty. *Scandinavian journal of caring sciences*, 36(1), 255-264.
12. **Svarstad, J., S Solvik, S. & Hovland, R.T** (2022). Erfaringar med VR som fysioterapitiltak i rehabilitering av hjerneslagpasientar. Ein intervjustudie. *Fysioterapeuten*

## Medlemmer i PHR 2022

Namn	Fagbakgrunn og grad	HFD	HVL	Andre institusjonar
Eli Natvik	Fysioterapeut, førsteamanuensis, postdoktor	X	X	
Jane Ogden	Psykolog med doktorgrad, professor	X		Univ. of Surrey
Lill Anette Juvik	Sjuepleiar og PhD-stipendiat	X		
Jane-Merete Torset Øien	Sjuepleiar/ernæringsfysiolog med master	X		
Gøril Kleiven	Psykologspesialist og stipendiat	X		
Kristina Lavik Osland	Psykolog og stipendiat	X		
Yeu Jin Ki	Helseøkonom og stipendiat	X		
Hans Jacob Westbye	Anestesilege og stipendiat	X		
Janne Låver	Anestesijukepleiar og stipendiat		X	
Lill Anette Juvik	Sjuepleiar og stipendiat	X		
Cecilie Merete Øvrebotten	Sjuepleiar og stipendiat	X	X	
Mariann Vigdal	Sosionom og stipendiat		X	
Eili Nygård Riise	Psykologspesialist med doktorgrad	X		
Paramjot Kaur	Psykolog	X		
Sigrid Nesheim	Psykolog	X		
Stig Magne Solstad	Psykologspesialist med doktorgrad	X		
Gunn Karoline Fugle	Musikkterapeut	X		
Kari Eldal	Førsteamanuensis		X	
Andrew McAlaavey	Psykolog og post.doc	X	X	
Runar Tengel Hovland	Førsteamanuensis og forskingskoordinator	X	X	
Marius Veseth	Professor II	X		Universitet i Bergen
Jone Bjørnstad	Professor II	X		Universitetet i Stavanger
John Mellor-Clark	Professor II	X		University of Birmingham
Louis Georges Castonguay	Professor II		X	Penn State University

## Pågåande doktorgradsprosjekt og postdoktorstipend

### Stipendiatar

**Yeu Jin Ki.** Ki er helseøkonom og gjennomfører eit prosjekt som undersøker korleis helseøkonomiske utfallsmål kan utledast av målinga Norse Feedback. Helseøkonomiske utfallsmål retter seg mot livsfunksjonskonevansar av liding og behandling, og gjer at ein kan vurdere og prioritere intervensjonar på tvers av psykiske og somatiske helseområder. Forskinga er finansierte av Helse Vest, og Christian Moltu er hovudrettleiar. Andrew McAlaavey er medrettleiar.

**Kristina Osland Lavik.** Lavik er psykolog og gjennomfører eit prosjekt som undersøker korleis samarbeidsrelasjonar, pasientmedverknad og allianse etablerast og fokuserast i psykoterapirelasjonar. Alliansen er kjent som sentralt assosiert med utfall i psykoterapi. Forskinga er finansierte av Helse Vest og Christian Moltu er hovudrettleiar.

**Gøril Kleiven.** Kleiven er psykologspesialist og gjennomfører eit prosjekt som undersøker korleis mikroprosessar knytt til emosjonell aktivering og emosjonsprosessering er mekanismar i

psykoterapeutisk behandling. Emosjonell aktivering er ein potensiell mekanisme som er del i psykoterapien sin effekt. Forskinga er finansiert av Helse Vest og Christian Moltu er hovudrettleiar.

**Janne Låver.** Låver er anestesijukepleiar og gjennomfører eit prosjekt som undersøker korleis behandlarar og pasientar i psykisk helsevern detekterer og predikerer forverring og betring i behandlingsprosessar i psykisk helsevern. Å oppdage slik betring eller forverring er sentralt for å kunne gjere behandlingsval med medverknad frå pasienten. Forskinga er finansiert av HVL og Christian Moltu er hovudrettleiar. Andrew McAleavey og Irene Valaker (HVL) er medrettleiar.

**Cecilie Merete Øvrebotten.** Øvrebotten er sjukepleiar og gjennomfører eit prosjekt som undersøker korleis rutinemessige målingar av pasienten sine smerteopplevingar kan implementerast for å betre den postoperative smertebehandlinga. Dette kan vere eit sentralt element i å unngå kroniske postoperative smerter for ein del av pasientpopulasjonen. Forskinga er finansiert av Helse Vest og Christian Moltu er hovudrettleiar. Runar Tengel Hovland og Signe Berit Berntsen (HVL) er medrettleiarar.

**Lill Anett Juvik.** Juvik starta opp med doktorgradsstudier ved Høgskulen på Vestlandet i 2022, med prosjektet «Erfaringar med Ostomy Adjustment System – ein metode i poliklinisk oppfølging av pasientar etter stomioperasjon». Forskinga er finansiert av Helse Vest. Hovudrettleiar til stipendiaten er Anne Marie Sandvoll (HVL) medan John Roger Andersen er medrettleiar.

**Mariann Vigdal.** Vigdal er klinisk sosionom og gjennomfører eit prosjekt som undersøker dei sosiale faktorane i recovery etter alvorleg rusmisbruk, med spesielt fokus på arbeid, nettverk og vennskap. Tilfrisking etter alvorleg rusbruk er ein svært langsiktig prosess der intervensjonsfasa i spesialisthelsetenesta berre er ei tidleg fase. Prosjektet er finansiert av HVL og Lillian Selseng Bruland (HVL) er hovudrettleiar. Christian Moltu og Jone Bjørnstad er medrettleiarar.

**Hans Jacob Westbye.** Westbye er anestesilege og gjennomfører eit prosjekt som undersøker korleis ein kan måle dei multivariate årsakene som predikerer kven som er i risiko for å utvikle kroniske smertetilstandar etter kirurgiske operasjonar. Ei betydeleg gruppe menneske utviklar vedvarande smerteplagar etter kirurgi, men ei samanstilling av psykologiske-, prosedyrevariablar og somatiske variablar kan hjelpe oss å føreseie kven desse er, slik at ein kan sette inn sekundærpreventive tiltak. Christian Moltu er medrettleiar på prosjektet.

### *Postdoc*

**Andrew McAleavey.** McAleavey er psykolog og gjennomfører eit prosjekt som undersøker korleis ein kan bruke avanserte statistiske metodar for å lage personlege varslar om forverring og endring i psykoterapiprosessar. Tradisjonelle metodar for å lage varslar basert på kunnskap om grupper har låg presisjon for individ i psykisk helsevern, medan individuelle modellar kan betre dette betraktleg. Prosjektet er finansiert av Helse Vest.

**Eli Natvik.** Natvik er fysioterapeut og gjennomfører eit prosjekt som undersøker korleis polikliniske oppfølgingsmøter etter fedmekirurgi integrerer psykiske og somatiske sider ved tilfriskinga i behandlingssamtalane. Det er etablert at tilfrisking etter fedmekirurgi omfattar ei rekke livsområder og variablar, medan kommunikasjon kring desse variablane i helsetenesten kan vere mangelfull. Prosjektet er finansiert av Norges Forskningsråd.

**Pål Andre Hegland** (HVL og Helse Førde) har i 2021-2022 hatt ei HVL-finansiert Postdoktorstilling i prosjektet «Helseforskning som byggjer bru mellom psykiske og somatiske helsetenester». Hegland gjekk over i ny stilling i 2022. Andrew A. McAleavey vart deretter tilsett i prosjektet, og starta opp ved HVL 1.1 2023.

## Nye prosjekt

**Universelt pasientgrensesnitt: Datadrive klinisk praksis på tvers av klinisk kontekst.** Prosjektet er eit innovasjonsprosjekt finansiert av Helse Vest. Helse Førde har utvikla og implementert eit innovativt system for persontilpassa datainnsamling (PROMs) *frå* pasientar *til* behandlarar. På grunnlag av dette teknologiske økosystemet foreslår vi ein universell modul som kan levere persontilpassa innhald *frå* spesialisthelsetenesta tilbake *til* pasienten, basert på automatisert analyse av pasientinput. Denne innovasjonen vil gjere at ressurskrevjande manuelle prosessar som gjentakast av spesialistar over fleire konsultasjonar kan automatiserast og leverast direkte til pasienten digitalt. Løysinga er ein digital teneste som vil auke tilgjengelegheita i tenestetilboda, redusere variasjon og gje betre pasientforløp, særleg for kroniske og multisjuke pasientar.

**Personalized and data-driven specialty care. Health service research based on patient data in routine practice.** Prosjektet er eit større strategisk forskingsprogram finansiert av Helse Vest med eigenfinansiering frå Helse Førde. Prosjektet inneheld finansiering for tre av PHR sine stipendidatar. Christian Moltu er prosjektleiar og prosjektet inneheld ei ekspertgruppe med deltaking frå Helse Bergen (Norekvål) og Universiteta i Bergen (Veseth) og Stavanger (Bjørnestad). Prosjektet rettar seg mot å vidareutvikle forskingsprogrammet for Norse Feedback som vart finansiert av Norges Forskningsråd mellom 2017 og 2023, for å sjå på korleis ein kan samle inn dei riktige persontilpassa data innanfor smerte, stomi og helseøkonomi, korleis ein kan gjere desse tilgjengeleg og implementere dei som klinisk prosesskunnskap, og kva effektar dette får for pasientar og helsetenesta. Stipendiatane Ki, Juvik og Øvrebotten er involvert i prosjektet. Natvik, McAleavey, Hegland, Andersen, Bjørnestad, Veseth og Øien er involverte i prosjektet frå forskingsmiljøet lokalt.

**Routine outcome monitoring and personalized clinical feedback for people in treatment for substance abuse disorder. A mixed-method adaptation study.** Prosjektet er utvikla i samarbeid med Helse Midt og rettar det seg mot å forske på Norse Feedback-programmet i tverrfagleg spesialisert rusbehandling i spesialisthelsetenesta. Fokus er spesielt på korleis sjølvrapporterte data brukast i denne konteksten, og korleis dei initielle relevante faktorane for endring er spesifikt annleis i ein ruspopulasjon. Helse Midt leier prosjektet, Helse Førde er samarbeidspart. NTNU har finansiert ein phd- stipendiat, Øyvind Grindheim. Moltu er medrettleiar for stipendiaten.

**Emosjonsprosessar i psykoterapi.** Prosjektet har vore pågåande på Helse Førde-intern stipendgaranti der stipendiat og rettleiar er pliktige å søkje om ekstern finansiering årleg. Frå 2022 nådde prosjektet opp i konkurranse og fekk ekstern finansiering frå Helse Vest. Prosjektet er såleis ikkje nytt, men finansieringa er det. Kleiven er psykologspesialist og gjennomfører eit prosjekt som undersøker korleis mikroprosessar knytt til emosjonell aktivering og emosjonsprosessering er mekanismar i psykoterapeutisk behandling. Emosjonell aktivering er ein potensiell mekanisme som er del i psykoterapien sin effekt. Christian Moltu er hovudrettleiar og Aslak Hjeltnes ved Universitetet i Bergen er medrettleiar.

## Søknadar og forskingsmidlar

### Norges forskningsråd

PHR sendte i 2022 ein søknad til Norges Forskningsråd om prosjektet Norse Impact, for å få forprosjektmidlar til å utvikle eit konsortium og utvikle ein større hovudsøknad til Pilot Helse programmet. Dette prosjektet fekk tildeling. Prosjektet rettar seg mot å utvikle og forske på datadrivne heimetjenester for pasientar innan psykisk helsevern. Det er såleis ei forlenging av innovasjonstildelinga for universelle pasientgrensesnitt for ein psykisk helsepopulasjon. Prosjektet skildrast slik: Treffsikre psykiske helsetenester og rusbehandling på spesialistnivå og i kommunen er avgjerande for eit berekraftig samfunn. Framover vil vi sjå kapasitetsutfordringar og aukande etterspørsel, innanfor ein helsesektor med avgrensa ressursar. Størsteparten av tida eit menneske er i behandling i spesialisthelsetenesta eller mottek hjelp frå kommunale helsetenester **er ikkje vedkomande i kontakt** med hjelpeapparatet, men er heime hos seg sjølv. Denne tida kan for eksempel vere **ventetid** før behandling eller **tid mellom** behandlingssamlingar. Tenestene har ingen kunnskapsbasert kontaktflate for å monitorere tilstand og situasjon, og kan ikkje tilby **faglege intervensjonar** når pasienten er i sin eigen heim. Her mister vi eit vesentleg potensiale for å **styrke, involvere og istandsette** pasienten heime i ei periode då dei er svært motivert for behandling. Denne heimehjelpa kan etablerast ved hjelp av helsedata frå den einskilde. Christian Moltu er prosjektansvarleg og hovudsøkjjar.

### Helse Vest

I tillegg til Kleiven, som fekk tildeling, sendte vi inn spesifikke Helse Vest PhD-søknader for Ki og Westby sine prosjekt. Desse vart vurdert støttestøttverdige, men fekk ikkje individuelle tildelingar. Ki vart likevel finansiert som ledd i den prosjektet innan det strategiske programmet for mindre føretak som vi fekk finansiering frå Helse Vest for.

## Midlar tildelte frå den strategiske forskingsatsinga, Helse Førde

Namn	Avd	Klinikk	Fag	Prosjekttittel/tema	Tildelt
Stig Magne Solstad	PHV	Psykiatrisk klinikk	Psykologi	Idiografiske og nomotetiske tilnærmingar til rutinemessige utfallsmåling	3 mnd
Paramjot Kaur	PHV	BUP Nordfjordeid	Psykologi	Utvikling av PhD-prosjekt i samarbeid med rettleiar Eili Nygård Riise	3 mnd
Sigrid Nesheim	PHV	BUP Førde	Psykologi	Ferdigstilling av artikkel om psykisk helse i barsel og klargjering for doktorgradssøknad.	3 veker